

**Søknad om «Redusert foreldrebetaling» og/eller «Gratis kjernetid for 3-5-åringar» i barnehagane i Vindafjord kommune**

Søknaden gjeld

 Redusert foreldrebetaling Gratis kjernetid**Føresett 1:**

Namn  Personnummer

Gateadresse  Epost-adresse

Poststad  Postnummer

Sivilstatus  Gift  Einsleg

Sambuarar med felles barn  Sambuarar 12 av dei siste 18 månader

**Føresett 2 (ektefelle/sambuar) med same adresse:**

Namn  Personnummer

**Born i hushaldninga:**

Namn  Personnummer

Namn  Personnummer

Namn  Personnummer

**Skattepliktige kapital- og personinntekter til hushaldninga:**

	Føresett 1:	Føresett 2:
Frå sjølvmeldinga	<input type="text"/>	<input type="text"/>
Ikkje ført opp i sjølvmeldinga	<input type="text"/>	<input type="text"/>
Samla skattepliktig kapital- og personinntekt i hushaldninga	<input type="text"/>	<input type="text"/>

Dato:  Stad:

Underskrift:  Underskrift:



### **Redusert betaling.**

Regjeringa innførte frå 1. mai 2015 ei nasjonal ordning som sikrar at ingen hushaldningar skal betale meir enn seks prosent av inntekta for ein barnehageplass. Foreldre som har rett til redusert sats etter dei nasjonale reglane, må søkje om dette. For 2016 gjeld ordninga for hushaldningar med ei samla inntekt som er lågare enn 486 750 kroner pr. år. Det er kommunen der barnet er folkeregistrert som skal handsame søknader om reduksjon.

### **Gratis kjernetid for tre-, fire- og femåringar.**

Frå 1. august 2016 har alle tre-, fire- og femåringar, og barn med utsett skulestart, som bur i hushaldningar med låg inntekt, rett til å få 20 timar gratis opphaldstid i barnehage pr. veke. For barnehageåret 2016-2017 gjeld dette for hushaldningar som har ei samla inntekt på mindre enn 417 000 kroner pr. år. Det er kommunen der barnet er folkeregistrert som skal handsame søknader.

### **Inntekter som skal reknast med.**

Foreldrebetaling vert rekna ut frå den samla skattepliktige kapital- og personinntekta til hushaldninga. Ektefeller, registrerte partnerar og sambuarar vert rekna som ei hushaldning. Som sambuarar vert rekna to ugifte personar over 18 år som har budd saman i eit ekteskapsliknande forhold i minst 12 av dei siste 18 månadene, eller har felles barn. Bur eit barn fast hos begge foreldra, skal foreldrebetalinga reknast ut frå inntekta i hushaldninga der barnet er folkeregistrert.

### **Dokumentasjon vert levert saman med søknaden.**

Sjølvmelding(ane) vert lagt ved søknaden som dokumentasjon. Dersom ikkje alt er registrert på sjølvmeldinga av skattepliktig person- eller kapitalinntekt, er søkjar pliktig til å opplyse om dette ved søknad. Dersom søkjar ikkje kan legge fram sjølvmelding, til døme på grunn av kort butid i landet, kan søkjar leggje fram anna dokumentasjon for inntekt. Kommunen gjer ei individuell skjønnsvurdering.

### **Når inntekta er endra frå året før.**

Søkjar kan leggje fram anna dokumentasjon for inntekt, eller søkje gjennom året, dersom det er vesentleg og varig endring i inntekta til hushaldninga. Vesentleg og varig endring kan t.d. vere tap av inntekt som følgje av langvarig arbeidsløyse, endring i samansetning av hushaldninga, eller liknande.

### **Søskenmoderasjon.**

Dersom hushaldninga har fleire barn i barnehage, har dei krav på søskenmoderasjon. For barn nummer to er prisreduksjonen 30% av det som vert betalt for det første barnet. For det tredje barnet og oppover er prisreduksjonen 50% av det dei betaler for første barn.

### **Søknadsprosessen.**

Hushaldninga kan søkje om redusert betaling uavhengig om barnet går i kommunal eller privat barnehage. Søknaden skal normalt sendast i starten på barnhageåret.

Som hovudregel skal søknaden vare for eitt barnehageår om gangen. Dersom det er vesentlege og varige endring i inntekt gjennom barnehageåret, vert det høve til å søkje fortløpande. Reduksjon vert innvilga i påfølgjande månad. Dersom rekning er fakturert, skal ein betale sjølv om prisreduksjon er innvilga. Prisreduksjon vert trekt frå på neste faktura.

**Søknadsfrist for barnehageåret 2016-2017:** 15. september 2016

### **Søknaden skal sendast til:**

Vindafjord kommune  
Økonomiavdelinga  
Rådhusplassen 1  
5580 Ølen